

Kommunedirektøren sitt forslag.
Lagt fram for kommunestyret i Vang
14. november 2024



Vang kommune

Kommuneplan

Samfunnsdelen

2025-2040



Innhold

| | |
|---|----|
| Kap 1 Innleiing | 2 |
| Kap 2 Langsiktige utfordringar | 2 |
| 1. Demografiutvikling | 2 |
| 2. Mangel på arbeidskraft med rett kompetanse | 3 |
| 3. Sårbarheit i samfunnet..... | 3 |
| 4. Langsiktig verditap..... | 3 |
| Kap 3 Berekraft, visjon og hovudmål..... | 4 |
| Berekraft..... | 4 |
| Visjon | 5 |
| Hovudmål | 5 |
| Hovudmål 1 | 5 |
| Hovudmål 2 | 6 |
| Hovudmål 3 | 7 |
| Hovudmål 4 | 8 |
| Kap 4 Arealstrategi | 9 |
| Sentrumsstrategi | 10 |
| Næringsstrategi | 10 |
| Landbruksstrategi..... | 11 |
| Fjell- og naturstrategi | 11 |
| Kap 5 Organisasjon | 12 |

Kap 1 Innleiing

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel med langsiktig arealstrategi og ein arealdel. Samfunnsdelen omfattar dei langsiktige hovudmåla for utviklinga av lokalsamfunnet og kommuneorganisasjonen, og kva strategiar og styringsprinsipp me skal følgje for å nå måla.

Den langsiktige arealstrategien stadfestar viktige prinsipp for arealbruken framover, og legg føringer for utvikling av kommuneplanen sin arealdel. Arealstrategien er såleis bindeleddet mellom dei overordna måla i samfunnsdelen og den juridisk bindande arealdelen.

Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet for politisk og strategisk utvikling av Vang kommune fram mot 2040.

Kap 2 Langsiktige utfordringar

Folkehelsearbeid handlar om å leggje til rette for ei samfunnsutvikling som både vil motvirke sosiale ulikheter og fremje god helse og trivsel i befolkninga. Derfor er folkehelseperspektivet gjennomgåande i alle satsingsområdane i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kunnskapsgrunnlaget har peika ut både nasjonale, regionale og lokale utfordringar som samfunnsmåla må ta grep om. Dei mest sentrale utfordringane framover er knytt til følgjande område:

1. Demografiutvikling

Befolkningsutviklinga i samfunnet er i endring. Det er lågare tilflytting, låge fødselstal og ein aukande del av befolkninga er eldre. Me står ovanfor eit stort demografisk skifte dei neste tiåra. Ein er avhengig av ei omstilling av ressursar for å kunne yte sikre tenestetilbod innan helse og omsorgsetaten og på skule og barnehage. Me har færre hender som samstundes må gjera meir komplekse oppgåver. Dette er ei endring me er i gang med å tilpasse oss, men som vil bli meir krevjande framover.

Samfunnsgrupper som familiar med vedvarande låginntekt, barn og unge under fattigdomsgrensa og unge utanfor arbeid, studie og andre aktivitetar er særleg grupper som treng tiltak og tettare oppfølging enn elles i befolkninga. Det er utfordrande, men strengt nødvendig, å få til ei heilskapleg og tverrfagleg tilnærming med samarbeid på tvers av etatar og sektorar.

2. Mangel på arbeidskraft med rett kompetanse

Som distriktskommune har Vang kommune vanskelegare for å rekruttera og behalde tilsette med det kompetansebehov med treng framover. Å rekruttere og behalde arbeidstakar med kompetent arbeidskraft vil vera avgjerande for Vang i åra framover, slik at me kan sikre eit tenestetilbod på tilfredsstillande nivå.

I tillegg til jobb er det viktig å tilby ei god totalpakke. Dette gjeld både til dei som er frå Vang, dei som vurderer å flytte tilbake, samt dei som kjem flyttande som nye innbyggjarar. Eit godt sted å bu er viktig for vår livskvalitet og trivsel. Bustadmarknaden i Vang har ikkje den breidda og standarden som må til for å treffe ulike behov og preferansar. Sosiale møteplassar og gode tilbod både innan kommunale tenester og fritidsaktivitetar er også viktig for å få folk til å velje Vang. Her gjerast det veldig mykje bra allereie. Utfordringa framover blir å halde fram med det gode og viktige arbeidet i samarbeid mellom kommune, næringslivet og frivilligheita.

3. Sårbarheit i samfunnet

Me lever i ei tid som er meir uroleg og usikker enn på lenge, med klimaendringar, mellomstatlege konfliktar, krig og digitale truslar. Sjølv om det er mykje som fungerer som det skal i Norge, må me vere førebudd på at ekstremvær, ulykker, sabotasje, pandemiar, og i verste fall krigshandlingar kan ramme oss.

I tida framover må kvar og ein innbyggjar ta større ansvar for å planleggje og ta vare på eigen helse, alderdom og trivsel. Dette gjeld deltaking i til dømes frivilligheita, bu heime lengre med bustadtillpassing og halde seg fysisk aktiv gjennom heile livet. Sett i samanheng med innbyggjarane s ansvar for eigen helse og velferd, er eigenberedskap særsviktig, også som del av den totale beredskapen i kommunen. Kvar og ein må vera mest mogeleg førebudd på å klare seg sjølv, slik at nødetatar kan prioritere dei som treng det mest. Her har kommunen eit stort og viktig arbeid med å formidle kunnskap om kva som skjer i verda rundt oss, og kva tiltak me må gjere lokalt i Vang for å vere førebudd på uro, kriser og beredskapshendingar.

Skutshorn er eit ustabilt fjellparti som ligg 600 meter over innsjøen Vangsmjøsa og klassifisert som eit høgrisiko objekt. Fjellmassane beveger seg opptil 3 cm i året. Eit større fjellskred kan forårsake ei flodbølgje som kan ramme store delar av Vang. Fjellpartiet blir kontinuerleg overvaka av NVE. Sjølv om me no har overvaking og kontroll på utviklinga vil denne situasjonen ha verknad på samfunnsplanlegginga vår framover.

4. Langsiktig verditap

Vang er ei rik kommune på mange måtar. Dei fleste av verdiane er gjeve oss av naturen. Så er dei forelda, tatt vare på og vidareutvikla av generasjonane før oss og fram til i dag. Berekraftig samfunnsutvikling handlar om å skape gode liv for dagens generasjon, utan å øydeleggje

moglegheitene og ressursgrunnlaget for framtidige generasjonar. For å få til dette er me nøydd til å tenke både verdiskaping og vern av verdiane våre i eit langsiktig perspektiv. Val som er gjort av generasjonane før oss har gjeve oss nye og større verdiar i dag. Men det også gjort val som, med eller utan medviten, har gjort skade og skapt uopprettelige tap. Ein av dei største utfordringane våre framover er å få til ei samfunnsutvikling der dei vala me gjer er basert på rett kunnskap og fører lokalsamfunnet vårt i ei retning som framtidige generasjonar vil vere takksame for.

Kap 3 Berekraft, visjon og hovudmål

Berekraft

Å få til ei berekraftig utvikling handlar om å jobbe parallelt innanfor tre dimensjonar; sosialt, økonomisk, klima- og miljø. Det inneberer at me ikkje alltid kan gjere det som er enklast eller mest lønsamt på kort sikt. Alle val og vedtak bør derfor vurderast opp mot dei tre dimensjonane.

Berekraftsmåla gjeld for alle land i verda, og regjeringa har forplikta Norge til å arbeide for å nå desse måla. Med lokale tiltak og løysingar skal Vang kommune bidra til å nå globale mål.

Hovudmåla i denne planen bygger derfor på FN sine mål for berekraftig utvikling. Delmål og tiltak under hovudmåla er også med på å bygge opp under berekraftsmåla. På denne måten blir berekraftsmåla utgangspunkt for politisk prioritering av satsingsområde i kommunestyreperiodane, og dei globale måla blir omsett til konkret handling i lokalsamfunnet.

Vang kommune skal nytte sin posisjon, kompetanse og sine moglegheiter som kraftkommune til å gjere berekraftige val for framtida. I dette ligg det å finne satsingsområde og utvikling som skapar verdi for dagens lokalsamfunn, utan å øydeleggje moglegheitene for framtidige generasjonar.



Visjon

Vang kommune skal vera ein god kommune å bu og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærliek, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus. Innbyggjarar og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til. Vi skal vera aktive i høve til endringar i samfunnet, ta grep om eiga utvikling og ha tru på framtida.

Hovudmål

Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget, dei langsigte utfordringane, og våre ressursar, rammer og moglegheiter set Vang kommune seg fire hovudmål for samfunnsutviklinga fram mot 2040. Kvart hovudmål har sine underliggjande delmål for å gjere hovudmåla meir konkrete og spissa inn mot tiltak og prioriteringar i handlings- og økonomiplanen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere eit strategisk styringsverktøy for all politisk og administrativ verksemد i kommuneplanperioden. Får å nå dei måla som kommunen har sett seg i kommuneplanen må me også ha ein plan for korleis kommunen skal måla. Det må gjerast nokre strategiske val, og me må ha styringsprinsipp for at både politikken og administrasjonen skal nytte måla i kommuneplanen som ei rettesnor i dei saksgrunnlag og vedtak som gjerast i planperioden. Under hovudmålet er det derfor forklart kva me må gjere for å nå måla. Desse tiltaka vil nyttast som grunnlag i arbeidet med den rullerande handlings- og økonomiplanen i kommunen.

Hovudmål 1

Skape eit fellesskapssamfunn med god livskvalitet for alle innbyggjarar

Delmål

1. byggje eit fellesskapssamfunn der kommune, innbyggjarar, frivillige og næringsliv løyser offentlege oppgåver ilag
2. ta aktive grep for å jamne ut sosiale, helsemessige og økonomiske skilnadar, og leggje til rette for at alle skal føle seg inkludert i lokalsamfunnet
3. skape eit inkluderande lokalsamfunn der skilnader i høve til kjønn, etnisk tilhørsle, funksjonsnivå, utdanning og økonomi blir motverka

Dette skal me gjere ved å:

- prioritere bruk av kommunen sine ressursar på dei som treng det mest
- prioritere omsyn til sårbare barn og unge framfor andre samfunnsgrupper
- jobbe aktivt med det førebyggjande arbeidet i alle aldersgrupper
- ha tett og god dialog med Frivilligcentralen, lokale lag og foreiningar og dyrke frivilligheita
- ha tett og god dialog med aktørane i næringslivet om felles verdiskaping og samfunnsansvar
- leggje til rette for å mobilisere alle ressursar i lokalsamfunnet som kan bidra til å nå hovudmålet
- styrke innsatsen for å jamne ut skilnadar i levekår og folkehelse
- prioritere tiltak retta mot ungdom og unge vaksne som slit med psykisk helse og utanforskap
- prioritere tiltak for å løfte barnefamiliar ut av vedvarande låginntekt
- ekstra tilrettelegging, støtte og stønad til innbyggjarar som allereie klarar seg godt skal ikkje prioriterast, med mindre dei tek stort samfunnsansvar og gjer ein særskilt innsats for at kommunen sine hovudmål blir nådd

Fra tjenestesamfunn til fellesskapssamfunn - og bærekraftig utvikling.

Kommune 3.0 kalles også en samskapingskommune, som innebærer at kommunen, innbyggere, frivillige og næringsliv løser offentlige oppgaver gjennom samskapning og mobilisering av ressurser.

KOMMUNE 1.0

Kommunen er myndighet.
Innbyggere er undersetter
Politikere avgjør enkeltsaker

KOMMUNE 2.0

Kommunen er en organisasjon
Innbyggere er kunder
Politikere styrer en organisasjon

KOMMUNE 3.0

Kommunen er et lokalsamfunn
Innbyggere er ressurser
Politikere leder et lokalsamfunn

Hovudmål 2

Ha tilstrekkeleg arbeidskraft med rett kompetanse

Delmål

1. Gjere det attraktivt å etablere seg i Vang
2. Utvikle ein framtidsretta arbeidsmarknad og bustadmarknad
3. Langsiktig kompetanseutvikling i fellesskapssamfunnet, der målet er at dei politiske val som gjerast for samfunnsutviklinga er tufta på oppdatert og anerkjent kunnskap og har god forankring i lokalsamfunnet, i politikken og i kommuneadministrasjonen.

Dette skal me gjere ved å

- ha konkurransedyktig arbeidsgjevarpolitikk
 - o Me skal vera ein konkurransedyktig, profesjonell og attraktiv arbeidsgjevar. Me skal rekruttere og behalde våre dyktige medarbeidarar slik at kommunen kan halde fram med å yte tenester med høg kvalitet.

- Me skal prioritere arbeidet med å skape gode arbeidsmiljø, jobbtrivsel og jobbnærvær
- skape bu og bli lyst
 - Me skal leggje til rette for at ungdom får ta aktivt del i samfunnsutviklinga, og gje dei så positive opplevingar med å vekse opp i Vang at dei ynskjer å koma attende etter skule, utdanning og jobberfaring.
 - Me skal utvikle ein bustadmarknad med bustadmøgleheter til alle som vil bu i Vang
 - Me skal medverke til eit aktivt og mangfaldig kulturliv og aktivitetstilbod som er av stor verdi for trivsel, helse, busetjing og næring.
- å inkludere og leggje til rette
 - Me skal engasjere unytta arbeidsevne i kommunen og skape motivasjon til å bidra
 - Me skal leggje til rette for universell utforming slik at arbeidsplassar, møteplassar og tilbod er tilgjengeleg for alle
- skape ein attraktiv kommune gjennom satsing på framtidsretta, variert og konkurransedyktig næringsliv.
 - (*underpunkta her står opent for å få innspel frå næringslivet under høyringa*)
- gjere det attraktivt og meiningsfylt å engasjere seg politisk
 - Me skal prioritere kompetanseheving for folkevalde innan relevante områder gjennom KS sitt folkevaldprogram og deltaking på aktuelle kurs og konferansar
 - Me skal leggje til rette for at engasjement i politiske verv kan kombinerast med jobb, familieliv og fritid

Hovudmål 3

Skape eit robust lokalsamfunn

Delmål

1. Utvikle eit fellesskapssamfunn der alle innbyggjarar kjenner seg trygge og inkludert
2. Skape trygge og gode oppvekstmiljø i barnehage og skule.
3. Skape eit fellesskapssamfunn i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, der oppgåvene løysast i samarbeid med lokalt næringsliv, lokale og regionale beredskapsaktørar og frivillige lag og foreiningar

Dette skal me gjere ved å

- leggje til rette for at alle har eit sosialt nettverk og kan skape trygge relasjoner gjennom oppvekst, jobb, sosiale møteplassar, aktivitet, frivillige lag og foreiningar
- planleggje skule- og barnehagekvarldagen med fokus på gode mellommenneskelege tilhøve, gode sosiale evner, sunn kost og fysisk aktivitet
- forme robuste innbyggjarar som er medvitne sitt eige ansvar for å ta vare på eiga helse

- oppretthalde ein robust og berekraftig kommuneøkonomi for framtidige generasjonar, og etablere eit fond for å kunne førebyggje, handtere og finansiere komande kriser og ekstreme hendingar
- legge til rette for klimatilpassingar som følgje av meir ekstremvær, t.d. ved å ta omsyn til auka fare for flaum og skred i arealplanlegginga
- ta dei nasjonale og globale endringane innan samfunnstryggleik og beredskap på alvor
- ha oppdaterte analyser for risiko og sårbarheiter i kommunen, oppdatert beredskapsplanverk og rett kompetanse innan beredskap og samfunnstryggleik. Øve, evaluere og oppdatere planverk og kompetanse fortløpende
- sette inn målretta tiltak for å auke kompetansen innan eigenberedskap for kvar enkelt, og samfunnstryggleik og beredskap for heile kommunen. Dette gjeld både innan naturfare, digitale truslar, alvorlege sjukdommar, sikring av kritisk infrastruktur forsyningssikkerheit for mat og reint vatn, energi og medisinar.
- ta aktive grep for å styrke eigenberedskapen, både for kommunen som heilheit og for kvar enkelt innbyggjar.

Hovudmål 4

Ta var på verdiane våre

Delmål

Me skal verne om

1. fellesskapssamfunnet og innbyggjarane våre
2. naturen og naturressursane våre
3. fellesskapet i Valdresregionen
4. næringslivet og landbruket

Dette skal me gjere ved å

- skape eit fellesskapssamfunn der me løysar oppgåvene i eit samspel med frivillige, næringsliv og kommune, og der innbyggjarane føler seg heime og vil bidra
- gjere det attraktivt å vakse opp i Vang, busetja seg i Vang og kome attende til Vang
- verne sårbar natur og verdifulle biotopar, redusere kommunen sine klimagassutslepp og motverke forureining og miljøskade i Vang.
- ikkje byggje ned meir natur enn streng nødvendig. Sikre at framtidige generasjonar framleis kan oppleve Vang som vilt og vakkert
- etablere rekneskap for kommunen sine klimagassutslepp og nedbygging av natur. Desse skal inngå i den årlege rapporteringa til kommunestyret
- söke etter kloke og nyskapande løysingar i balansen mellom vern og bruk. Me skal legge langsiktig bevaring og verdiskaping til grunn for politiske prioriteringar, framfor kortsiktig økonomisk vinning.
- sikre at naturressursane våre blir forvalta på ein berekraftig og langsiktig måte
- delta aktivt i det interkommunale samarbeidet i Valdres og vere positiv til samarbeid med andre kommunar og regionar

- bidra med vår kompetanse, ressursar, særeigenheiter og verdiar for å utvikle Valdres som region
- bidra til ei utvikling av næringslivet og landbruket som støttar opp om kommunen sine hovudmål
- bidra til ei omstilling i landbruket som utnyttar det lokale ressursgrunnlaget, held liv i gard og stølsdrift og gjer det attraktivt og levedyktig å halde fram som gardbrukar
- verksemder som bidreg til berekraftsmåla, lokal verdiskaping og kommunen sine hovudmål skal prioriterast ved vurdering av søknadar om støtte frå næringsfondet
- gje særskilt støtte til verksemder som tek stort samfunnsansvar og bidreg positivt til at kommunen når sine mål i kommuneplanen

Kap 4 Arealstrategi

Arealstrategien skal syne samanhengen mellom kommuneplanens mål for samfunnsutviklinga og korleis kommunen skal styre arealbruken slik at ein når dei fastsette måla.

Strategien skal ha ein langsiktig horisont, og skal legge globale, nasjonale og regionale mål og føringar til grunn.

Eit hovudpremiss er at all framtidig arealbruk skal vera basert på oppdatert kunnskap om naturmangfald, vassmiljø, klima og naturfare. Vidare skal arealbruken vera behovsbasert.

Behovsbasert arealbruk handlar om å tilpasse bruk av areal basert på faktiske behov og kommunen sine overordna mål og prioriteringar, og inneber å planlegge og fordele areal på ein slik måte som best mogleg møter dei noverande og framtidige behova til innbyggjarane, næringslivet, kommunal tenesteyting og andre interessentar.

Ei slik tilnærming vil sikre at disponible areal nyttast mest mogleg optimalt, og at utviklinga skjer i samsvar med kommunens øvrige målsettingar, strategiar og økonomiske handlingsrom. Dette vil inkludere:

- Bustadbygging: Planlegge nye bustadområde med utgangspunkt i befolkningsutvikling og bustadbehov
- Næringsutvikling: Leggje til rette for næringsområde som vil støtte lokal økonomisk vekst
- Infrastruktur: Utvikle veg, vatn, avløp og straum på ein kostnadseffektiv måte som møter kommunens behov
- Natur og miljø: Sikre natur og landbruksområde for ei mest mogleg berekraftig utvikling

Arealstrategien til Vang kommune består av fire hovuddelar med underliggjande prinsipp som skal leggast til grunn for kommuneplanens arealdel, framtidige reguleringsplanar og i dispensasjons- og bygesaksbehandling.

Sentrumsstrategi

Sentrumsområda i Vang er Vang sentrum (frå Mjøsvang til Synshagen) og Ryfoss. I tillegg vil Tyinkrysset få ei utvikling med preg av sentrumsfunksjonar i takt med utvikling av reiselivsdestinasjonen. Sentrumsutviklinga skal sikre ein bustadsosial arealbruk og god utnytting av kommunal tenesteyting og infrastruktur. Kommunen må leggje til rette for ein variasjon av bustader til ulike behov nær servicetilbod, kommunal tenesteyting og knutepunkt. Sentrum skal ha eit mangfald av ulike bustader, servicetilbod, sentrumsfunksjonar og aktivitetar.

Bustad- og (ikkje arealkrevjande) næringsutvikling tek utgangspunkt i Vang sentrum og Ryfoss. Det må leggast vekt på attraktivitet, tilgjenge for alle og grøntstruktur, der fleire kan gå og sykle mellom bustad, arbeidsstad, utdanning- og fritidstilbod.

Det er eit mål at kommunen sine innbyggjarar kan bu i kommunen heile livet. Ved at eldre kan busetja seg meir sentrumsnært og vonleg då kan bu lenger heime, vil ein frigjera dei meir spreidde bustadane til yngre i etableringsfasa.

Bustadstrukturen i Vang er nokså spreidd. Dette er ei styrke for kommunen med omsyn til bustadattraktivitet og at ein har ein variasjon og mangfald i bustadmassen. Samstundes er det mindre føremålstenleg med spreidd bustadstruktur når de kjem til offentleg infrastruktur, kollektivtransport, nærliek til kommunale tilbod, sosiale treffpunkt osb. Det skal framleis leggast til rette for spreidd bustadbygging i dei ulike grendene der det er ynskjeleg og mogleg. Eksisterande tomtereserve skal som utgangspunkt nyttast før nye areal regulerast inn.

Næringsstrategi

Vang kommune er avhengige av ein variasjon av næringsliv og arbeidsplassar for å oppretthalde folketal og kommunalt tenestetilbod. Korleis næringslivet "ser ut" om 20-30 år er vanskeleg å føresjå. Det er difor avgjerande at kommunen legg til rette for eit breitt spekter av næringar.

Vang kommune skal legge til rette for attraktive og ferdig regulerte næringsareal. Arealkrevjande næring bør etablerast i nærliek til E16 og sjåast i samanheng med sentrumsutviklinga. På Kvismoen og Tveitabru er det eit etablert næringsliv og desse områda, og arealet mellom, skal framleis vera eit utviklingsområde for næring- og industri. Synshagen har og ein del etablert næringsliv og har eit stort potensiale for vidare utvikling.

Vang skal vera ei aktiv og attraktiv reiselivskommune der ein legg vekt på natur- og kulturverdiar i kommunen. Tyin-Filefjell er eit satsingsområde for utvikling av reiselivsnæring med etablering av fritidsaktivitetar, aktivitetsinfrastruktur, overnatting, servering, fritidsbustadar, mv.

I fjellområda har kommunen fleire populære og historisk viktige reisemål som Bygdin, Tyinholmen og Eidsbugarden. Desse reisemåla kan utviklast vidare med særskilt omsyn til dei eksisterande kulturmiljø- og kulturverdiane i områda.

Landbruksstrategi

Landbruksnæringa er ei prioritert næring i kommunen og er avgjerande for lokal matproduksjon, beredskap og bevaring av kulturmiljø. Landbruket gjev viktige ringverknader for å vera ei attraktiv bu- og reiselivskommune. Viktige kulturlandskap skal difor takast vare på for å sikre det biologiske mangfaldet og dei ulike kulturverdiane.

Kommunen skal føre ei restriktiv line for omdisponering av dyrka og dyrkbar jord til andre føremål enn LNFR (landbruk, natur, friluftsliv, reindrift), og areal som er viktig i landbruksamanheng skal det takast særskilt omsyn til. Utvikling av nærings- og sentrumsområde kan i nokre tilfelle føre til omdisponering av landbruksareal. I desse tilfella skal ein stille særskilte krav til handtering av matjorda, der denne skal nyttast for betring av eksisterande jordveg ved nydyrkning og/eller betre arrondering av landbruksareal i kommunen.

Stølsdrift har tradisjonelt sett vore ein viktig del av ressursgrunnlaget og gardsdrift i Vang. Denne drifta har gjeve Vang eit særegne stølslandskap det er viktig at ein forvaltar slik at ein tek vare på dei kultur- og landskapsmessige verdiane. Det bør ikkje tillatast bygging av nye hytter eller andre tiltak i desse områda som er til hinder for landbruksdrift og elles øydeleggjande for landskapsbiletet.

I kommunen er det utført omfattande vegetasjonskartlegging som syner at Vang har store utmarks- og beiteressursar. Dette er fornybare ressursar som er viktig å skjøtte og ta omsyn til i vidare arealbruk. Kjente utfordingar med beitedyr og gjerdning i bebygd- og regulerte områder skal særskilt vurderast ved utforming av føresegns og retningsliner.

Fjell- og naturstrategi

Det er eit overordna mål å redusere tap av natur og viktige økosystem. I den samanheng er det viktig å sjå alle naturområde i kommunen i heilskap og sikre ei berekraftig forvalting av areal med omsyn til klima- og miljø. Arealbruksendring er den største trusselen mot natur og naturmangfold, og alle nye tiltak i kommunen skal vurderast etter kva direkte og indirekte påverknad det vil gje på ulike landskaps- og naturverdiar.

Vang kommune skal ha ei arealforvaltning som er restriktiv til inngrep i karbonrike areal for å redusere utslepp av klimagassar. Dette vil til dømes gjelde inngrep i myr og i skog med høg bonitet.

Framtidige fritidsbustadar skal etablerast innanfor eksisterande område der det er etablert infrastruktur som heilårs veg, kommunalt vatn- og avløp og straum. Det skal også takast omsyn til avstand til helse- og omsorgstenester i kommunen. Som prinsipp skal fortetting og ny bruk av eksisterande bebygd areal nyttast for å redusere og avgrense nye inngrep i naturen.

Kommunen bør ikkje legge opp til at eksisterande hytter i LNFR-områda i kommunen får standardheving og etablert tilkomstveg utan at dette er heilskapleg vurdert i kommuneplanens arealdel. Kommunen har regulert 460 hytter på arealføremålet LNFR, der om lag 50 av desse ligg mellom 150 og 500 meter frå etablerte tilkomstvegar. Dersom desse 50 hyttene skal få etablert tilkomstveg vil det samla sett medføre store inngrep i naturen og endra bruk av hyttene. Ved spørsmål om etablering av nye tilkomstvegar kan det i vurderinga vektleggast at fleire hytter vil få nytte av ein og same veg. I område der ein har ei samling av fleire hytter bør kommunen vera

forsiktig med å gje utsleppsløyve med bakgrunn i potensiell forureining av grunnvatn og drikkevasskjelder.

Kap 5 Organisasjon


Kapittelet om utvikling av organisasjonen tek utgangspunkt i dei same hovudprinsippa som i «Overordna organisasjonsplan for Vang kommune – Tillit og ansvar».

Tillit og ansvar er tufta på det samfunnsoppdraget som kommunen er til for å løyse.

Føremålsparagrafen i kommunelova presiserer at lova er til for å fremje det kommunale sjølvstyret og legge til rette for eit sterkt og representativt lokaldemokrati med aktiv deltaking frå innbyggjarane. Vidare skal loven legge til rette for at kommunen kan yte tenester og drive samfunnsutvikling til det beste for innbyggjarane, og bidra til at kommunane er effektive, tillitsskapande og berekraftige.

Ein kan definere dette samfunnsoppdraget gjennom fem ulike roller. Kommunen skal (1) legge til rette for ein demokratisk arena for lokalpolitikken, (2) drive med samfunnsutvikling, (3) levere kommunale tenester, (4) utøve myndighet og (5) ivareta rolla som arbeidsgjevar.

Kommunen må sjå til at ho er organisert slik at samfunnsoppdraget og dei ulike rollane kan løysast best mogleg, både på politisk side, på administrativ side, og i samarbeid mellom desse og innbyggjarane.



Kommuneplanen sin samfunnsdel legg opp til at kommunen i løpet av kommunestyreperioden gjer ei evaluering av organiseringa både på administrativ og politisk side. Målet med evalueringa er å ha ei organisering som løyser samfunnsoppdraget på ein best mogleg måte ut ifrå

- Tenester til innbyggjarane frå fellesskapsamfunnet
- Tverrfagleg samarbeid og samskaping
- Trygt og utviklande arbeidsmiljø
- Kostnadseffektiv drift
-

Revidering

| Dato: | Revidert av: | Godkjent av: |
|-------|--------------|--------------|
| | | |
| | | |